

Stupar mot gjennombrøt

Styrk Bekkenes og Sveinung Pile gler seg over utviklinga av torpedo-stuparen. (Foto: Kvinnheringen)

Torpedostuparen har kome eit langt steg nærare produksjon, opplyser Kvinnheringen. Noreq på Husnes har utviklingsrettane til stuparen og uskedelingen Sveinung Pile er sentral i prosjektet.

Noreq har nyleg underteikna ein avtale om vidare utvikling og mogleg produksjon med det tyske, solide selskapet Fassmer.

- Dette er fantastisk og eit klart gjennombrøt, seier direktør Styrk Bekkenes.

Dermed ser det ut til at oppfinninga til Magne Reigstad snart kan koma ut i havet.